

# Mogelegheitsstudie OFFENTLEG TOALETT Norheimsund

## Historie

Norheimsund har hatt offentleg toalett i ulike lokale fram til sommaren 2016. Om lag frå krigen og fram til 1960 stod det ei betongblokk nedst på Haldeplassen. Då vart den sokalla "Firkanten" med adresse Grova 27-29 bygt. Den er arkitektteikna til formålet. Etter jamnt forfall vart denne stengt og toalettet flytta ned i sjøhuset til Sandven Hotell. I 2016 var dette lokalet ikkje lengre eigna, og huseigar hadde bruk for lokalet til eiga drift.



løp midt i sentrum. Mykje folk samlast. Eit godt offentleg toalettanlegg er forventa.

## Krav til løysingar

- kortast mogeleg avstand frå sentrum/Haldeplassen
- enkelt å finna
- universell utforming
- uavhengig av annan aktivitet
- moderne drift med elektronisk adgangskontroll
- enkelt vedlikehald
- kostnadseffektivt
- vandalsikkert
- langsiktig løysing

## Behov

Norheimsund er eit trafikknutepunkt med buss og båtan-



Norheimsund sentrum med passarspissen på Haldeplassen

## Løysingar

Grendautvalet har sett på ulike løysingar. To alternativ skil seg ut.

## Alternativ A

Alternativ A (sjå kart på fram-sida) er ein frittståande toalettmodul på kaikanten halvvegs mellom Haldeplassen og gjestehamma. Der er det eit område på om lag 100 kvm som kunne vore nytta.

Frittståande prefabrikerte toalettbygg er meir og meir vanleg. Ein får dei i ulik utforming tilpassa nærmiljøet.

Fordelen med plassering på kaikanten ville vera at toaletta også kunne nyttast av båtfolket. Ulempene er fleire: knapt med plass rundt bygget, lang avstand til busstoppen samt ikkje synleg i hovudgata.



Døme på frittstående offentleg toalettanlegg. Alle illustrasjonar er tekne frå nettsida [www.danfo.com](http://www.danfo.com). Dette firmaet har levert toalettløysingar til Vegvesenet m.a. i Mørkhølen og ved Hardangerbrua.




## Alternativ B

Alternativ B - Grova 27 (sjå kart på framsida) er grenaudvalet si tilråding.



Grova 27-29 teikna som offentleg toalett for Norheimsund, av arkitekt Åsmund Melvær rundt 1960. Grova 29 er pussa opp og leigt ut til fotterapeut-klinikkk. Grova 27 er ikkje sett i stand og har hatt ulike føremål dei siste åra. Bygget er kommunalt eigd.






Frå Danfo.com sin brosjyre "Modulet - innbygnadssystem för offentliga toaletter". Me ser at dei byggjer enkle, lettdrivne toalett med all teknikk samla i servicerom i bakkant. "Exempelritning 121" er eit godt døme på korleis det offentlege toalettet i Grova 27 kan organiseraast. Då det aktuelle bygget ikkje er frittståande, må servicerommet ha inngang frå framsida.

## Drift, vedlikehald og adgangskontroll

Grendautvalet ynskjer at dei offentlege toaletta i Norheim-sund skal vera eit trekkplaster for turistar, reisande og bygdefolk. Dette krev at anlegget vert halde i topp stand. Vask og tilsyn er ein viktig del. Rett utforma kan tidsforbruket haldast nede. Mellom anna har ingen av løysingane fellesrom inne. Elektronisk adgangskontroll og overvaking av området er i dag rimeleg og vil redusera misbruk og hærverk. Fylgjande mogelegheiter finst:

- dørropning ved hjelp av mobiltelefon eller kort
- overvakingskamera utanfor inngangsparti
- automatisk stengjing visse tider



## MODULET

### – Inbyggnadssystem för offentliga toaletter

Moduletsystemet används för inbyggnad och kan kombineras med valfritt antal HWC, WC och Urinoar beroende på utrymme och behov.

Installationsväggarna prefabriceras på fabrik och installeras tillsammans med övrig interiör i en befintlig byggnad.

Interiören i de offentliga utrymmena är slitstark, vandalsäker och lätt att hålla ren.

I serviceutrymmet finns alla installationer och påfyllningsenheter.




Frå Danfo.com sin brosjyre "Modulet - innbyggnadssystem för offentliga toaletter". Me ser at dei bygger enkle, lettdrivne toalett med all teknikk samla i servicerom i bakkant.



Kort og oversiktig veg frå busstoppen til det offentlege toalettet. Grova 27-29 vart teikna av arkitekt Åsmund Melvær som offentleg toalett for dei reisande på Haldeplassen.

## Grunngjeving for val av Grova 27

- kort avstand frå Haldeplassen
- enkelt å finna plassert i hovudgata
- lett å leggja til rette for universell utforming
- uavhengig av annan aktivitet
- kostnadseffektivt
- kommunalt eigm gjev langsiktig løysing
- kortidsparkering rett utanfor
- lett å byggja vandalsikkert
- sentralt for heile Norheimsund sentrum



Frå originalteikningane til Grova 27.

**TOALETTANLEGG M.M. I GROVA,  
FOR KVAM HERAD.**

**PLANAR OG SNITT M: 1: 50.**

**NORHEIMSUND 10/10 55**

**ÅSMUND MELVÆR  
ARKITEKT MN & I**

Utarbeidd av:  
Norheimsund Grendautval  
10.01.2017  
Layout: pygme.no  
Illustrasjoner: Danfo AS,  
Ringtunveien 2,  
1712 Grålum, Norge